



Frå Joshua Gillingham i Canada har uskedalen.no fått eit hyggjeleg brev med to bilete som vart teke i Uskedalen for eksakt 100 år sidan. Han vil gjene ha fleire opplysningar om motiv og fotograf ettersom han har norske røtter og er svært interessert i den norske kulturarv. Bestemora hans emigrerte frå Stavanger og budde på ein gard i ein norskprega by i provinsen Alberta som heiter Valhalla.

Frå 1914 til 1960 hang bileta på garden. Då vart den fråflytta, men bileta vart hengande igjen til familien vitja garden ifjor og tok bileta med seg. Då vart dei digitalt restaurert då dei var gamle og skitne. No vil Joshua gjerne ha opplysningar om dei og fotografen.

Og det kan vi gje han. Bileta er teke i 1914. Det eine er av ei stor folkemengd som sit med paraplyar på eit misjonsstemne og det andre er eit imponerande panoramabilete som rekk frå Skorpo til øverst i dalen og kan vera teke frå Storhaug. Fotografen er uskedelingen Chris P. Myklebust (1869/1936) som i unge år reiste til USA, utdanna seg til fotograf og starta fotostudio i den vesle byen Eagle Grove i Iowa der også andre uskedelingar slo seg ned.

Chris drog attende over havet 4 gonger og tok mange bilete frå gamlelandet og då ikkje minst frå våre trakter. Han emigrerte som 21-åring og gifta seg med uskedalsjenta Anna frå Eik anten like før eller like etter reisa. Fyrst dreiv han som farmar, men braut av og utdanna seg som fotograf i Chicago.

Det var eit dristig grep så tidleg i fotografien si historie. Ikkje desto mindre vart han ein sær flink fagmann med avansert teknikk og sans for motiv.. Under reisene til Noreg tok han mange bilete for å livnæra seg og selde dei då han var attende i Amerika. Det vart hengande mange Myklebustbilete rundt om hos norskamerikanarar som gjerne ville ha minner frå stadene der dei hadde røtene sine.

Dei to bileta som no har dukka opp i Canada tok han under den tredje reisa si hit. Då tok han mellom anna også eit utruleg godt panoramabilete frå holmen i Uskedalen som fleire har kopi av. Han tok også bilete av to arbeidskarar som grov grøft i Myro. Over er panoramabiletet som vi har fått tilsendt frå Canada. Det andre er ikkje godt nok teknisk for publisering.

Det er fleire opplysningar i Uskedalsposten som vart utgjeve sommaren 2008 og som du finn ved å bruka spalten til venstre her på forsida.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen